



Avslutningen er annakvart år på Dønhaug og i Aktivitetshuset og dette biletet er frå Dønhaug eit tidlegare år (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulen har avslutning i Aktivitetshuset og skulen dette året og det er lagt opp eit omfattande program fortel Odd Steinar Arnesen. Men først er det adventgudsteneste i kyrkja måndag 12. klokka 8.35 Avslutningen startar klokka 17 måndag 19. i hallen. Der skal alle klassar ha sine innslag slik tradisjonen tilseier.

Etter programmet går dei til klasseromma der FAU serverar julegraut, Mot slutten av matøkta kjem smånissane og serverar ein smakebit på julegodt dei har laga. Når dei er mette og nógde er det gang rundt juletreet i hallen og Ingebjørg Haugland spelar piano til. 7.-klassen vil leia gjennom både program- og juletreøkta.

FAU har vedteke at heile festen skal kosta 100 kroner for kvar av dei vaksne slik at alle borna kan gå gratis. Dette året ar skulen 119 elevar og i tillegg blir skulekameratane invitert. Fordi alle skal ha matplass må ein diverre begrensa deltakinga til 2 vaksne frå kvar heim og ingen yngre eller eldre sysken kan vera med, opplysar Odd Steinar Arnesen